

MØTEBOK FOR SURNADAL KOMMUNE

Behandlingsorgan	Møtestad	Dato	Sak.nr:
Skulestyret	Kommunehuset	18.9.95	83/95

Saksbehandlar: Oddvar Moen

Arkiv: 212.02

VURDERING AV SKULEKRINGSGRENSENE

Vedlegg: Referat frå møte i nemnda.

BAKGRUNN:

Skulestyret og formannskapet har ved fleire høve drøfta spørsmålet om vurdering av kringsgrensene i kommunen. Bakgrunnen har vore endringar som gjeld elevtalsutvikling, kommunikasjonar og skulebygg.

Det er særleg grensene mellom Stangvik og Øye, Todalen og Stangvik og mellom Mo og Øye det har vore tale om å regulere. Det har i fleire år vore slik at elevar frå dei tre grenseområda etter søknad har fått gå på naboskulen.

Skulestyret valde i sak 108/94 ei nemnd til å vurdere og greie ut saka: Unni Skrede Buvarp, Johan Rangnes, Berit Moen Larsen, Bergsvein Brøske og Oddvar Moen (sistnemnde som sekretær for nemnda).

Nemnda har hatt 3 møte og 2 grendemøte (Korsen Grendahus og Eidet bedehus). I tillegg har nemnda gjort ei skriftleg spørjeundersøking blant foreldre med born i førskule- og barneskulealder i dei aktuelle områda.

FRAMLEGGET FRÅ NEMNDA I SAMANDRAG:

1 Stangvik - Øye:

Grensa blir uendra. Dvs. at Pollen hører til Øye og Hyldbakkan til Stangvik, som tidlegare.

2 Stangvik - Todalen:

Grensa blir endra slik at Gjeldnes og Svinvika skal høre til Todalen.

3 Mo - Øye:

Grensa blir endra slik at Ringbekken på Mauset blir ny kringsgrense mellom Mo og Øye på sørsida av elva. Heimane aust for bekken skal høre til Mo skulekrins.

VURDERING:

Nemnda har på det første møtet sitt vurdert saksgangen i forhold til lov om grunnskulen, § 3 Kringsgrenser og § 31 Fråsegn frå krinsen. Det er i dette tilfellet snakk om mindre grensereguleringar. Nemnda har tolka lova slik at skulestyret da kan gi tilråding til kommunestyret utan at det har vore halde krinsavstemming. Rådmannen er av same oppfatning.

Det ville ha vore ein fordel om alle heimar i dei aktuelle områda hadde fått innkalling til dei to grendemøta nemnda har halde. Men det at berre dei med born i førskule- og barneskulealder fekk skriftleg

orientering, har ikkje verka inn på utfallet av arbeidet i nemnda.

Dei endringane nemnda gjer framlegg om, er i samsvar med praksis dei siste åra i og med at elevar frå Svinvik og Gjeldnes har fått gå på Todalen skule, og elevar frå Mauset på Mo skule.

Det er tal om så få elevar at reguleringa ikkje verkar inn på romforholda ved dei to skulane. Skyssutgiftene blir uendra.

Rådmannen vil etter ei samla vurdering rå til at krinsgrensene blir vedtekne i samsvar med framlegget frå nemnda.

Rådmannen rår skulestyret til å gi slik tilråding til

VEDTAK:

1 Stangvik - Øye

Grensa blir uendra. Krinsgrensa følgjer den gamle kommunegrensa mellom Stangvik og Sumadal, som igjen fell saman med soknegrensa mellom Stangvik og Øye sokn. Dvs. at Pollen (gnr. 40) hører til Øye skulekrins, medan Hyllbakken (gnr. 102) hører til Stangvik skulekrins.

2 Stangvik - Todalen

Grensa blir endra slik at krinsgrensa fell mellom Nordvik (gnr. 133), som hører til Stangvik, og Svinvika (gnr. 134), som skal høre til Todalen. Det blir da samsvar mellom grensa for skulane og kyrkjesokna Stangvik og Todalen.

3 Mo - Øye

Grensa blir endra slik at Ringbekken på Mauset (gnr. 25) blir ny krinsgrense mellom Mo og Øye på sørsida av elva. Heimane aust for bekken skal høre til Mo skulekrins. Grensa på nordsida av elva blir som før, dvs. at Svean (gnr. 15) hører til Mo, medan Gulla (g.nr. 26) hører til Øye. Endringa medfører at det ikkje lenger blir fullt samsvar med grensa mellom Mo og Øye sokn.